

Leiarsamling for MRSG og SFSG

Sæbø 25-27 oktober 2013



Fredag

Klokka 15.00 møtte Sau og Geit deltakarane frå Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane opp på Sagafjord Hotell i Sæbø, Ørsta kommune. Hotellet var nyoppussa både ut- og innvendig.

Første del av programmet var presentasjon av slekter i område: Ole Arnstein Ringdal, dagleg leiar **Ole Ringdal AS** var først ute. Jarle Sæten presenterte **Nordfjord Kjøtt**, og Johannes Nedrebø var tilstades for **Nortura**.

Representantane var gode ambassadører for egne bedrifter.



Forsikring var neste tema. Tom Idar Kvam fortalde om om egne erfaringar når "uhellet" er ute, då fjøsgolvet i driftsbygninga hans kollapsa midt i lamminga, som fylgje av store mengder vatn som trengde inn. Skadane blei ikkje erstatta av forsikringselskapet. Sekvensen vart avslutta med Knut Bertil Øygaard frå Gjensidige Nordmøre og Romsdal som informerte om moglegheiter og utfordringar for oss som bønder, tips som nok

kjem godt med ved neste gjennomgang av forsikringa. Viktig at me med gjevne mellomrom tek gjennomgang av forsikringane våre, endringar og nye forsikringsordningar kjem stadig. Kvelden blei avslutta med middagsbuffet og drikke for dei som ynskte det. Kvelden blir gjerne lang i triveleg lag, med både bar og fyr på peisen.

Laurdag

Planen var å starte programmet med eit besøk på Snøfriskanlegget i Ørsta. Dette blei dessverre avlyst, men i staden fekk me besøke **Volda elektriske mylna**. Denne mølla hadde vore i drift sidan 1937, og det blir stadig male mjøl både av gamle og nye mjølsortar. Selje er det neste som skal




malast opp og testast ut i brødbaksten, så no får småfea våre konkurransje i krattskogen. Fleire av deltakarane fekk sikra seg mjøl til julebaksten herifrå. Me mista nesten ein deltakar her og, som hadde tatt ein tur på do utan å spørje om lov. Heldigvis blei det oppdaga, før me var komne så langt.

Neste stopp var besøk på **Tussa kraftverk**, ei stor bedrift med 350 tilsette. Me fekk på oss gule hjelm, så bar det i veg inn i fjellet. Hallen me ende opp i bar preg av pastellfargane frå 80- talet, og porten ved sida av var eit maleri av fossen som ikkje lenger var ein foss.





Vegen blei smalare og smalare når me nærma oss **Middelaldergarden Bakketun**, med røter tilbake til 1500- talet. Marita Bett Jensen serverte både rømmegraut, flatbrød og spekjemat servert i røykstova, og både Ole Ringdal og samvirka var representert på fat. Målet var at alle bygningane skulle brukast. Fjøsen var omgjort til kunstgalleri, og den grindbygde løa skulle i framtida tene til konsert- og teaterhall.



På turen gjennom Norangdalen stoppa me ved **Lyngstøylvatnet**. Dette vatnet hadde blitt til ved at eit ras hadde demt opp elva, og ein kan tydeleg sjå murane etter stølsbygningane på botnen. Til slutt tok me ferga tilbake til Sæbø, kor varm suppe venta på hotellet.

Laurdagskvelden vart avslutta med lysbildeframsying, med spektakulære bilde frå fjorden, fjella, tettstadane og saue-sanking rundt Hjørungfjorden.

Bileta vart presentert av fotografen Knut Hustad frå Sæbø. Middagen bestod i treretters meny.



Søndag



Ola Søgnesand starta dagen med ei kort oppsummering av prosjektet **Geit i Vekst**. Her fekk me høyre både om bakgrunnen for at det starte og utviklinga underveis. Sanering og bygningsplanlegging blei det viktigaste å få på plass. No er prosjektet i ein slutfase, og må kunne beskrivast som særst vellukka.

Jordbruksforhandlingane: Det vart oppretta to grupper som skal kome med innspel til jordbruksforhandlingane. Innspela skal sendast ut på høyring til alle lokallag i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Ola Søgnesand og geitegruppa i S&F er ansvarlig for geita, medan Leif Brekken ilag med Odd Bjarne Bjørdal, Lars Nesse og Synnøve Kjellstad utarbeider innspel om sau. Målet med å ta dette opp allereie no er å få levert innspel til NSG og dei andre faglaga i god tid før fristen.



Lokallaget time var siste post på programmet. Lillian Gjerde frå Stranda Sau og Geit, og Vidar Sandal frå Breim Sau og Geit presenterte kvar sitt lokallag. Dette var begge aktive lag som er dyktige både på den faglege og sosiale delen. Samarbeid på tvers av lokallaga ser ut til å vere eit stikkord for å lukkast.

Tonen i møtelyden blei så god under opphaldet at det ikkje var behov for å dele seg opp fylkesvis, utfordringane for fylkeslaga/lokallaga er mykje dei same. Mange og til dels svært små lag er ei av utfordringane. Diskusjon om nettsida, årsmøte i lokallaga, utsendingar til fylkesårsmøtet, lagslovene i NSG og kostnad for slike samlingar var nokre av temaene som var oppe.

Det har vore ei trivelig og lærerik helg. At samlinga gjekk over ei heil helg gjorde at møringane og sogningane blei betre kjent, samt at vi fekk sjå oss godt om i området. Det er mange fellestrekk ved våre fylker og me som var til stades opplevde det som veldig nyttig at fylka var samla.

Leiarsamlinga vart avslutta med lunsj før heimreise.